



Barne-, ungdoms-
og familiedirektoratet

Det kongelige forsvarsdepartement

Pb 8126 Dep,
0032 OSLO

FORSVARSDEPARTEMENTET	
SAKNR.: 13/ 02931-14	
28 MAR 2014	
ARKBET:	204.3- spruf
KASSERES 5 ÅR	
KASSERES 30 ÅR	
BEVARES	

Deres ref:
201302931

Vår ref: 2014/51328-2

Arkivkode: 008

Dato: 26.03.2014

Vedlagt følger Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets høringssvar på forslag til endringer i vernepliktsloven og heimevernsloven i forbindelse med innføring av verneplikt for kvinner.

Høringssvaret har i tillegg blitt sendt på e-post, slik det er bedt om i høringsbrevet.

Med vennlig hilsen

Mona Renolen
Rådgiver, seksjon for sosial inkludering
Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

PB 8113 Dep
0032 OSLO
Mobil: 466 17 908

www.bufdir.no

Det Kongelige Forsvarsdepartement

Pb 8126 Dep.
0032 OSLO

Dykkar ref: Vår ref: 2014/51056-2 Arkivkode: 008 Dato: 26.03.2014

Høyring - innføring av verneplikt for kvinner

Buudir viser til høyringsbrev datert 17. februar 2014 om innføring av verneplikt for kvinner. I høyringsbrevet viser departementet til Innst. 384 S (2012-2013). I komiteens merknader går det fram at målsettinga med å innføre verneplikt for kvinner er å auka kvinndelen blant vernepliktige, befall og verva personell. Som direktorat for likestilling og ikkje-diskriminering sluttar Buudir seg til dei overordna målsetningane med lovendringa departementet føreslår. Kvinndelen i forsvaret er låg trass i at fleire tiltak er innført for å auka kvinndelen. Buudir vurderer verneplikt for kvinner som eitt eigna tiltak for å auka kvinndelen i Forsvaret. Buudir støttar dessutan den prinsipielle vurderinga av verneplikt for kvinner som Likestillingsutvalet presenterer i NOU 2012: 15: «Tjenestekravene er av en slik karakter at de i seg selv ikke gir grunnlag for kategorisk, kjønnsbasert forskjellsbehandling med hensyn til verneplikt».

Buudirs prinsipielle tilnærming er at menn og kvinner skal ha dei same formelle rettane og pliktene, så vel som dei same reelle moglegheitene til deltaking på alle samfunnsområde. Eventuelle kjønnsesifikke rettar og pliktar bør vera i grunngeve i føremålsparagrafen i likestillingslova om å fremja likestilling mellom kjønna. Buudir kan ikkje sjå at lovverket, som i dag berre gjev verneplikt for menn, har ei slik grunngeving og støttar derfor innføringa av kjønnsnøytral verneplikt. I høyringsbrevet og tilhøyrande offentlege dokument går det tydeleg fram at kjønnsnøytral verneplikt i tillegg til dei meir prinsipielle vurderingane, blir vurdert som eit middel for å auka kvinndelen i forsvaret og for å sikra kvinner reelt lik tilgang til karrieremoglegheiter og leiarposisjonar i forsvaret. Buudir er på generelt grunnlag positiv til tiltak for å betra kjønnsbalansen på viktige samfunnsområde og i sektorar der eit kjønn er tydeleg underrepresentert. Forsvaret er ein sektor som tradisjonelt har vore og framleis er svært mannsdominert, både på grunnplanet og i særleg grad på toppnivå. Kvinndelen i forsvaret er på om lag 8 prosent og blant eliten er kvinndelen på 4 prosent. Buudir understrekar at kjønnsnøytral verneplikt kan tenkjast å vera ein føresetnad og eit tiltak for å auka kvinnerekruttering til leiarstillingar, men at tiltaket ikkje nødvendigvis er tilstrekkeleg. Kjønnsnøytral verneplikt er ei lovendring som derfor bør gå hand i hand med andre tiltak for å sikra betre kjønnsbalanse. Det er viktig å rekruttera kvinner til sektoren, men det er like viktig å sørgja for at dei kvinnene som blir rekrutterte har dei same moglegheitene til å trivast, kjenna seg inkluderte og gjera karriere som menn.

Bufdir viser til aktivitets- og redegjørelsesplikta som gjev alle arbeidsgjevarar og myndigheiter ei plikt til å arbeida systematisk og målretta for likestilling. Fagdirektoratet er glad for dei initiativa som forsvaret har teke for å oppnå betre kjønnsbalanse og inkludera kjønnsperspektiv i forsvarets ordinære arbeid, gjennom blant anna det såkalla «Genderprosjektet».

Ut over dette har Bufdir ingen merknader til det konkrete lovforslaget som Forsvarsdepartementet har sendt på høyring.

Med helsing

Mari Trommald (e.f)
Direktør

Anna Bjørshol
Avdelingsdirektør (fung.)

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur